



Kommunestyret

Møteprotokoll

Møtedato: 06.05.2019
Møtestad: Biblioteksalen
Møtetid: Kl. 16:30 - 19:30

Til stades:	Parti
Jon Olav Runestad	AP
Ottar Sandanger	AP
Arnt Ove Rødne	H
Frode Selvaag	H
Jan Terje Vignes	H
Trygve Hetland	H
Arne Madland	KRF
Heidi Bø Sangedal	KRF
Henrik Halleland	KRF
Ingvild Sevheim Steen	KRF
Reidunn Østhus	KRF
Birger Wikre Hetland	SP
Lars Rørtveit	SP
Odd Bleie	SP
Eline Wolden Bersagel	V
Else Norheim	V
Kjell Harald Lunde	V
Ole Klingsheim	V
Rasmus Hidle	V

Fråverande:	Parti	Vara	Parti
Olav Halsne	KRF	Tone Lise Serigstad Reilstad	KRF
Kai Petter Flesjø	SP		

Frå administrasjonen møtte:
personal- og organisasjonssjef Espen Idsøe
kommunalsjef Heidi Bleie Skeiseid
rådmann Karin Dokken Austvik

Ugild	Sak	Vara
Trygve Hetland	018/19	Oddvar Vignes
Birger Wikre Hetland	018/19	
Arnt Ove Rødne	022/19	
Frode Selvaag	022/19	Oddvar Vignes

Finnøy
07.05.2019

Henrik Halleland
ordfører

Randi-Merete Lode
politisk sekretær

Saksliste:

Sak nr.	Saktittel
011/19	Godkjenning av innkalling og sakliste
012/19	Godkjenning av møteprotokoll
013/19	Referatsaker
014/19	Kommuneplan Samfunnsdel nye Stavanger - endeleg vedtak
015/19	Årsrapport 2018 - Finnøy kommune
016/19	Brukarundersøking barnehage 2018
017/19	Tilstandsrapport for grunnskulen i Finnøy for 2018
018/19	Framlegg til avtale om overføring av kommunal eigedom - GNR 27 BNR 57
019/19	Behandling av rapport - selskapskontroll med forvaltningsrevisjon av Rogaland Brann og Redning IKS
020/19	Årsmelding frå kontrollutvalet 2018
021/19	Høyrings svar Regionalplan Jæren 2050 - forslag til plan
022/19	Søknad om dispensasjon frå skjenkeforbodet 17. mai

011/19: Godkjenning av innkalling og sakliste

Forslag til vedtak frå rådmannen:

Innkalling og sakliste vert godkjend slik dei ligg føre.

Kommunestyret 06.05.2019:

Handsaming:

Innstillinga frå rådmannen vart samrøystes vedteke.

KST- 011/19 VEDTAK :

Innkalling og sakliste vart godkjend slik dei låg føre.

012/19: Godkjenning av møteprotokoll

Forslag til vedtak frå rådmannen:

Møteprotokollen vert godkjend slik den ligg føre.

Kommunestyret 06.05.2019:

Handsaming:

Innstillinga frå rådmannen vart samrøystes vedteke.

KST- 012/19 VEDTAK :

Møteprotokollen vert godkjent slik den låg føre.

013/19: Referatsaker

Forslag til vedtak frå rådmannen:

Referatsakene vert tekne til etterretning slik dei ligg føre.

Kommunestyret 06.05.2019:

Handsaming:

Innstillinga frå rådmannen vart samrøystes vedteke.

KST- 013/19 VEDTAK :

Referatsakene vart tekne til etterretning slik dei låg føre.

014/19: Kommuneplan Samfunnsdel nye Stavanger - endeleg vedtak

Forslag til vedtak frå rådmannen:

Forslag til Kommuneplan for Stavanger 2020-2034, samfunnsdelen, er eit godt utgangspunkt for samfunnsdel for nye Stavanger.

Kommunestyret 06.05.2019:

Handsaming:

Innstillinga frå rådmannen vart samrøystes vedteke.

KST- 014/19 VEDTAK :

Forslag til Kommuneplan for Stavanger 2020-2034, samfunnsdelen, er eit godt utgangspunkt for samfunnsdel for nye Stavanger.

015/19: Årsrapport 2018 - Finnøy kommune

Forslag til vedtak frå rådmannen:

1. Kommunestyret vedtek Årsrapport 2018 for Finnøy kommune.
2. Kommunestyret vedtek årsrekneskapen 2018 for Finnøy kommune i samsvar med uttale frå Rogaland revisjon IKS og frå kontrollutvalet.
3. Kommunestyret vedtek at rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 5 545 770 vert disponert slik:
 - Avsett til disposisjonsfondet: kr 1 mill.
 - Avsett til pensjonsfond: kr 4,55 mill.
4. Kommunestyret vedtek investeringsrekneskapen 2018 med eit resultat på kr 0.
5. Kommunestyret tek årsrapport 2018 frå Kemneren i Stavanger og kontrollrapport frå Skatteetaten til orientering.

Finnøy 03.04.2019

Karin Dokken Austvik
rådmann

Formannskapet 11.04.2019:

Handsaming:

Innstillinga frå rådmannen vart samrøystes vedteke.

FSK- 026/19 VEDTAK :

1. Kommunestyret vedtek Årsrapport 2018 for Finnøy kommune.
2. Kommunestyret vedtek årsrekneskapen 2018 for Finnøy kommune i samsvar med uttale frå Rogaland revisjon IKS og frå kontrollutvalet.
3. Kommunestyret vedtek at rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 5 545 770 vert disponert slik:
 - Avsett til disposisjonsfondet: kr 1 mill.
 - Avsett til pensjonsfond: kr 4,55 mill.
4. Kommunestyret vedtek investeringsrekneskapen 2018 med eit resultat på kr 0.
5. Kommunestyret tek årsrapport 2018 frå Kemneren i Stavanger og kontrollrapport frå Skatteetaten til orientering.

Kommunestyret 06.05.2019:

Handsaming:

Innstillinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

KST- 015/19 VEDTAK :

1. Kommunestyret vedtek Årsrapport 2018 for Finnøy kommune.
2. Kommunestyret vedtek årsrekneskapen 2018 for Finnøy kommune i samsvar med uttale frå Rogaland revisjon IKS og frå kontrollutvalet.
3. Kommunestyret vedtek at rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 5 545 770 vert disponert slik:
 - Avsett til disposisjonsfondet: kr 1 mill.
 - Avsett til pensjonsfond: kr 4,55 mill.
4. Kommunestyret vedtek investeringsrekneskapen 2018 med eit resultat på kr 0.
5. Kommunestyret tek årsrapport 2018 frå Kemneren i Stavanger og kontrollrapport frå Skatteetaten til orientering.

016/19: Brukarundersøking barnehage 2018

Forslag til vedtak frå rådmannen:

Kommunestyret tar brukarundersøkinga i barnehage i 2018 til orientering.

Formannskapet 11.04.2019:

Handsaming:

Innstillinga frå rådmannen vart samrøystes vedteke.

FSK- 023/19 VEDTAK :

Kommunestyret tar brukarundersøkinga i barnehage i 2018 til orientering.

Kommunestyret 06.05.2019:

Handsaming:

Innstillinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

KST- 016/19 VEDTAK :

Kommunestyret tar brukarundersøkinga i barnehage i 2018 til orientering.

017/19: Tilstandsrapport for grunnskulen i Finnøy for 2018

Forslag til vedtak frå rådmannen:

Tilstandsrapporten for grunnskulen i Finnøy blir tatt til orientering.

Formannskapet 11.04.2019:

Handsaming:

Innstillinga frå rådmannen vart samrøystes vedteke.

FSK- 024/19 VEDTAK :

Tilstandsrapporten for grunnskulen i Finnøy blir tatt til orientering.

Kommunestyret 06.05.2019:

Handsaming:

Innstillinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

KST- 017/19 VEDTAK :

Tilstandsrapporten for grunnskulen i Finnøy blir tatt til orientering.

Ugild

Trygve Hetland
Birger Wikre Hetland

Vara

Oddvar Vignes

Forslag til vedtak frå rådmannen

Framlegg til avtale om GNR 27 BNR 57 vert godkjend som den ligg føre.
Rådmannen får fullmakt til å inngå avtale med Grieg Seafood Rogaland AS.

Formannskapet 11.04.2019:

Handsaming:

Endringsframlegg, fremja av Henrik Halleland, KRF
Formannskapet gjer forhandlingsutvalet fullmakt til å gå i forhandlingar med Grieg Seafood på punkt 7 og 8 i kjøpekontrakten.

Rammene for forhandlingane er rådmannen sitt alternativ 2 i saksframlegget.

Framlegget framja av Henrik Halleland (KRF) vart samrøystes vedteke.

FSK- 025/19 VEDTAK :

Formannskapet gjer forhandlingsutvalet fullmakt til å gå i forhandlingar med Grieg Seafood på punkt 7 og 8 i kjøpekontrakten.

Rammene for forhandlingane er rådmannen sitt alternativ 2 i saksframlegget.

Kommunestyret 06.05.2019:

Handsaming:

*Trygve Hetland (H) ba om å få vurdert sin habilitet, jf. forvaltningslova § 6.
Kommunestyret vurderte han som ugild.
Oddvar Vignes (H) møtte som vara.*

*Ole Klingsheim (V) ba om å få vurdert sin habilitet, jf. forvaltningslova § 6.
Kommunestyret vurderte han som gild.*

*Birger Wikre Hetland (SP) ba om å få vurdert sin habilitet, jf. forvaltningslova § 6b.
Kommunestyret vurderte han som ugild.
Det møtte ikkje vara.*

Saka vart handsama med 19 representantar til stades.

Fellesframlegg (SP, KRF, AP), fremja av Arne Madland, KRF
Tilbyr Grieg Seafood tomt for 2,8 mill.

Tek bort punkt som handlar om vilkår om arbeidsplassar og leige av kontorareal.
Kommunen tek som atterhald at Grieg Seafood frivillig tek sin del av refusjonsavtale.

Fellesframlegget fremja av Arne Madland (KRF) vart samrøystes vedteke.

KST- 018/19 VEDTAK :

Tilbyr Grieg Seafood tomt for 2,8 mill.

Tek bort punkt som handlar om vilkår om arbeidsplassar og leige av kontorareal.
Kommunen tek som atterhald at Grieg Seafood frivillig tek sin del av refusjonsavtale.

019/19: Behandling av rapport - selskapskontroll med forvaltningsrevisjon av Rogaland Brann og Redning IKS

Forslag til vedtak frå rådmannen:

Kommunestyret i Finnøy tar selskapskontroll med forvaltningsrevisjon av Rogaland Brann og Redning IKS til orientering.

Rapporten vert send vidare til styret og eigargruppa for vidare oppfølging av rapportenes konklusjonar og tilrådinga.

Styret og eigargruppa gir tilbakemelding til kommunestyret via kontrollutvalet om korleis rapporten er fylgt opp innan ca. 6 månader etter kommunestyret sitt vedtak.

Grunna alvoret i rapporten ber kommunestyret kontrollutvalet om å gjennomføra ein ny selskapskontroll i Rogaland Brann og Redning IKS i 2020.

Kommunestyret 06.05.2019:

Handsaming:

Innstillinga frå rådmannen vart samrøystes vedteke.

KST- 019/19 VEDTAK :

Kommunestyret i Finnøy tar selskapskontroll med forvaltningsrevisjon av Rogaland Brann og Redning IKS til orientering.

Rapporten vert send vidare til styret og eigargruppa for vidare oppfølging av rapportenes konklusjonar og tilrådinga.

Styret og eigargruppa gir tilbakemelding til kommunestyret via kontrollutvalet om korleis rapporten er fylgt opp innan ca. 6 månader etter kommunestyret sitt vedtak.

Grunna alvoret i rapporten ber kommunestyret kontrollutvalet om å gjennomføra ein ny selskapskontroll i Rogaland Brann og Redning IKS i 2020.

020/19: Årsmelding frå kontrollutvalet 2018

Forslag til vedtak frå rådmannen:

Kommunestyret tek årsmelding frå kontrollutvalet 2018 til orientering.

Kommunestyret 06.05.2019:

Handsaming:

Innstillinga frå rådmannen vart samrøystes vedteke.

KST- 020/19 VEDTAK :

Kommunestyret tek årsmelding frå kontrollutvalet 2018 til orientering.

021/19: Høyringsvar Regionalplan Jæren 2050 - forslag til plan

Forslag til vedtak frå rådmannen:

Finnøy kommune sluttar seg til høyringsuttale som det går fram av saksframlegget.

Kommunestyret 06.05.2019:

Handsaming:

Tilleggsframlegg, fremja av Else Norheim, V

"Regionalplan for Jæren" har eit namn som er sterkt misvisande med omsyn til kva region planen faktisk dekkjar.

Planen må få eit namn som viser at dette òg er ein plan for ytre- og midtre Ryfylke.

Innstillinga frå rådmannen vart samrøystes vedteke.

Framlegget framja av Else Norheim vart vedteke med 18 røyster (V, H, KRF, Ottar Sandanger (AP), Odd Bleie (SP) og Lars Rørtveit (SP)).

KST- 021/19 VEDTAK :

Finnøy kommune sluttar seg til høyringsuttale som det går fram av saksframlegget med følgjande tillegg:

"Regionalplan for Jæren" har eit namn som er sterkt misvisande med omsyn til kva region planen faktisk dekkjar.

Planen må få eit namn som viser at dette òg er ein plan for ytre- og midtre Ryfylke.

022/19: Søknad om dispensasjon frå skjenkeforbodet 17. mai

Ugild

Arnt Ove Rødne

Frode Selvaag

Vara

Oddvar Vignes

Forslag til vedtak frå rådmannen:

Finnøy kommunestyre gjev dispensasjon frå skjenkeforbodet, punkt 3 g, siste ledd for dagen 17. mai 2019. Dispensasjonen gjeld for skipa:MS «Rygerdronningen», MS «Rygerkongen» og MS «Ryger troll». Dispensasjonen gjeld når skipet er på fjorden. dvs. ikkje når det ligg til kai.

Kommunestyret 06.05.2019:

Handsaming:

Arnt Ove Rødne (H) ba om å få vurdert sin habilitet, jf. forvaltningslova § 6a.

Kommunestyret vurderte han som ugild.

Det møtte ikkje vara.

Frode Selvaag (H) ba om å få vurdert sin habilitet, jf. forvaltningslova § 6b.

Kommunestyret vurderte han som ugild.

Oddvar Vignes (H) møtte som vara.

Else Norheim (V) ba om å få vurdert sin habilitet, jf. forvaltningslova § 6.

Kommunestyret vurderte ho som gild.

Saka vart gjennomført med 20 representantar.

Innstillinga frå rådmannen vart samrøystes vedteke.

KST- 022/19 VEDTAK :

Finnøy kommunestyre gjev dispensasjon frå skjenkeforbodet, punkt 3 g, siste ledd for dagen 17. mai 2019. Dispensasjonen gjeld for skipa:MS «Rygerdronningen», MS «Rygerkongen» og MS «Ryger troll». Dispensasjonen gjeld når skipet er på fjorden. dvs. ikkje når det ligg til kai.